



Ole Clausen  
Kleivdalsvegen 361  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/397 - 19/7085

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.02.2019

## Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle - gbnr 184/1 og 184/2 Halsteindal

### Tiltak:

**Byggjestad:** Gbnr: 184/1 Kleivdalsvegen 361  
**Tiltakshavar:** Ole Michel Clausen  
**Ansvarleg søkjar:** Ole Michel Clausen

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for ei bustadeining på gbnr 184/1, datert 11.02.2019.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Søknaden omhandlar vedtak om avkøyringsløyve for gbnr 184/1 som er etablert på gbnr 184/2. Avkøyrsla eksisterer og er i bruk i dag. Då det ikkje ligg avkøyringsløyve av nyare dato for gbnr 184/1 vart det anbefalt å sende inn søknad om nytt avkøyringsløyve i form av utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for ei bustadeining på gbnr 184/1. Det pågår ein prosess med søknad om å få bygge om bustadhuset på gbnr 184/1.

#### Vurdering/drøfting:

Avkøyrsla er i bruk som avkøyrsløse til godkjent landbruksveg og vert benytta for gbnr 184/1 og 184/2. Avkøyrsla er etablert på eit strekk med god sikt i begge retningar. Det ligg ved godkjenning frå eigar av gbnr 184/2 om at avkøyrsla kan nyttast for gbnr 184/1. Det er ingen forhold som tilseier at avkøyrsla frå landbruksvegen ikkje skal kunne nyttast for ei bustadeining.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis vedtak om avkøyringsløyve for ei bustadeining for gbnr 184/1 over gbnr 184/2.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til gbnr 184/1 om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg på gbnr 184/2 med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Byggesaksavdelinga  
Sakshandsamar byggesaksavdelinga  
Vegavdelinga

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Ole Clausen

Kleivdalsvegen 5915  
361

HJELMÅS